



Voss herad

Besøksstrategi

Kaia Finne

Utval for Klima, miljø og beredskap

April 2026

Kva er besøksforvaltning?

- Besøksforvaltning skal sikra at opplevinga blir god for både **besøkande og fastbuande**, samtidig som den lokale **verdiskapinga** blir størst mogleg.
- Besøksforvaltning betyr derfor at ein sikrar ei berekraftig utvikling som er **innanfor grensene til det natur, landskap, miljø og lokal kultur tåler, samtidig som det gjev grunnlag for sunn næringsdrift og lokal verdiskaping.**
- Ein besøksstrategi er ein **felles plan på korleis ein forvaltar besøket i kommunen**, og skal visa kva slags tiltak som er nødvendige for å skapa ei balansert utvikling innanfor alle berekraftsdimensjonane.



Strategiar



Kunnskap



Kommunikasjon



Styring av trafikk og ferdsle



Ansvar

- **Varigheit**
Besøksstrategi i Voss herad er utforma for perioden 2026 - 2036, med forventna revidering kvart fjerde år. Behov for revisjon vert avklara i planstrategien.
- **Rullering**
Handlingsplanen skal fylgjast opp og rullerast årleg.

Politisk prosess



Finansiering

- Finansiering av deler av arbeidet med besøksforvaltning og fellesgode kan gjerast med besøksbidrag, for reisemål som stettar krava i besøksbidragsloven[1]. Lova sitt formål er å bidra til å finansiera reiselivsrelaterte fellesgode gjennom besøksbidrag som avgift i område med særleg stor belastning frå reiselivet.
- Dersom Voss herad innfrir retningslinjene i den føreståande lova om besøksbidrag, og Voss herad vedtek å innføra besøksbidrag, er målet at mange av tiltaka nemnt i besøksstrategien kan finansierast med besøksbidrag.
- Tiltak som krev kontinuerleg oppfølging bør ikkje løysast gjennom prosjekt med avgrensa varigheit og finansiering. Slike tiltak bør bli implementert i verksemdstyring i heradet, eller fordelast på relevante aktørar i og rundt reiselivet og i forvaltninga. Konkrete tiltak som skal realiserast i heradet sin regi vil verta innarbeidd i økonomiplan og budsjettarbeid.